

TILPASSA LØP INDUSTRIMEKANIKER

Prosjektsamarbeid mellom Ulstein, Hareid, Sande og Volda kommune, NAV, Møre og Romsdal Fylkeskommune/ Herøy vgs og MAFOSS, 2019-2022

Vedlegg; 6 døme på praksisforteljingar

Casemetodikk til bruk i praksisrefleksjon

Teori og intensjon

Ei kjent erfaring frå opplæring er at vaksne lærer raskare og betre når tema for læringa kjennes relevant for den situasjonen dei er i, og at dei ser konkret nytteverdi av læringa. Vaksne er altså meir selektive i læringsprosessen enn barn.

I økter med desse deltakarane har vi valt å hente situasjonar frå praksisfeltet til bruk i klasserommet, og på denne måten ta utgangspunkt i deltakarane sine eigne erfaringar og opplevingar mange i klassen kan kjenne seg igjen i. Dei har alle eit anna morsmål enn norsk, dei er alle nye på praksisplassen og dei er alle tilstades der med opplæring i eit nytt fag som mål. Gjennom ma desse øktene har ein freista å berøre tema innanfor både kulturforståing, systemforståing og behovet for norskstøtte, i tillegg til styrking av læringsutbytte frå praksisfeltet.

Problembasert læring eller casemetodikk er ein metode som fordrar stor aktivitet hos den einskilde elev, gruppe eller klasse. I klassar med andrespråkselevar er høg elevaktivitet ekstra viktig og eit godt argument for å nytte ein slik type metode i undervisinga.

Prinsipp for casemetodikk:

- Casemetodikk innebærer at deltakerne spelar ei aktiv rolle i undervisinga, ein skal erfare aktiv læring
- Casearbeidet gjennomførast som ein kombinasjon av gruppearbeid og plenumssesjonar.
- Deltakarane vil bli trent i å ta stilling til strategiske og dilemmabaserte problemstillinger

Klassisk casemetodikk:

1. Lærer presenterer eit case med relevante problemstillinger (f.eks via tekst og/eller video)
2. Elevane førebur seg individuelt
3. Elevane diskuterer i smågrupper
4. Presentasjon av gruppearbeidet – læraren leiar i plenum (Bruker ofte resonneringsmodell)

I øktene der vi har nytta casemetodikk i undervisinga, har vi fulgt oppskrifta over nokså slavisk. I tillegg har leiar av økta førebudd spørsmål/innspel som skal virke katalyserande inn mot resonneringa, for å tydeleggjere utfordringene i caset eller for å understreke poeng ein håpa kom opp under diskusjon. Dette fordi ein erfarer at noko ein frå eit norsk kulturperspektiv kan sjå veldig tydeleg, ikkje alltid er like klårt om ein ser det frå ein ståstad med andre kultureferansar. I nokre økter har ein fått bruk for desse innspela, andre gongar ikkje.

Vi har henta inn dei fleste av casa gjennom praksisrettleiar, men nokre også via deltakaren sjølv. Nokre situasjonar har kome opp "tilfeldig" i samtale på oppfølgingsbesøk hos bedrift, medan andre er skildra på telefon der bedrifta har tatt kontakt for å melde frå.

Gruppa er nokså lita, inneheld kun vaksne menn og mange av deltakarane kjenner til kvarandre sine praksisbedrifter. Vi har vurdert klasse miljøet og omsyn til den einskilde slik at vi etterkvart har valt å anonymisere deltakarane i arbeid med desse casa. Erfaringar undervegs viser også at dialogen deltakarane seg i mellom og generelt i klassen, fungerer betre gjennom å gjere det slik. Anonymiseringa er gjort ved å skape 3 fiktive personar, Ali, Per og Martin, som spelar hovudrollene i casa. Desse tre representerer praksisdeltakarane, rettleiarane og kollegaene, og handlingane i historiene er i nokre høve også endra lett mtp innhald opp mot dei autentiske situasjonane.

Vi erfarer at bruk av denne metodikken fører til stort engasjement i gruppa. I mykje større grad enn elles er den einskilde deltakar aktiv i samtale med dei andre i gruppa, ein diskuterer på norsk og på morsmål, og ein opplever at lyd og aktivitet i klasserommet stig mange hakk samanlikna med under ein del anna type aktivitet. Engasjementet har variert i noko grad frå case til case, men det er tydeleg at gjenkjenninga deltakaren opplever, fører til refleksjon og vilje til deling av ulike synspunkt og meiningar i eit gruppe- og klassefelleskap. Målet med aktiviteten og metodikken er mellom anna auka læring og å styrke læringsutbytte frå praksis. Det er ikkje lett å måle verknaden av denne undervisinga, men med tanke på kor lite negative tilbakemeldinger vi har hatt frå bedriftene dette året, trur vi at mellom anna denne støtta er noko av det som er med på å skape bevisstheit og kunnskap om norsk arbeidsliv, språk og kultur hos den einskilde deltakar.

Under er døme på tema der ein har nytta casemetodikk som utgangspunkt for praksisrefleksjon, historiene i tjukk type ligg som vedlegg.

| Tema | Casetittel |
|---|----------------------------|
| Korleis forstå beskjedar gitt på arbeidsplassen Korleis vurdere egne ferdigheter som ny i eit fag -døme på historie med spørsmålsstøtte | Ali skrur |
| Viktigheit av å vere presis, kva forventer arbeidsplassen? Er det same reglar for alle på arbeidsplassen? | Tid er pengar! |
| Utfordringer knytt til sosiale relasjonar/situasjonar på arbeidsplassen | Ali og Martin |
| Er hygiene kulturelt betinga? Er terskelen for kroppslukt i Noreg lik heimlandet ditt? | Ali har ikkje dusja |
| Å takle arbeidskvardagen når livet er utfordrande | Tunge dagar |
| Kva info av privat karakter kan vere hensiktsmessig å dele med leiar evt. kollegaer på jobb? -døme på historie med spørsmålsstøtte | Tunge dagar, Martin |
| Kva er vanleg bruk av telefon i arbeidstida på ein industri-arbeidsplass? Er det alltid likt overalt? | Mobiltelefonen |
| Forventningar til praksiskvardagen Å vurdere/sjå situasjonar frå andre synsvinklar enn sin eigen | Ali vil meir! |
| Ulike kulturelle koder/ kulturkræsje på arbeidsplassen | Martin bommar røyk |
| Kvinnerolla i norsk industri/ norsk arbeidsliv generelt Korleis møte/ helse på nye kollegaer | Avdelingsleiar Heidi |
| Har ein i norsk arbeidsliv høve til å feire/ ta ut fridag pga ei høgtid som ikkje står på den norske kalenderen? | Ali vil feire Eid |

Ann Cesilie Skundberg
Prosjektleder, Ulstein kommune/ MAFOSS
Ulsteinvik, 01.02.2021